

Møtereferat

Utval: Fitjar sokneråd
Møtestad: Kyrkjestova
Dato: Torsdag 19.09.2024
Tid: Kl. 18.30 - 21.00
Ord for dagen: **Bård Inge Bø**

Forfall må meldast til kyrkjeverja: kyrkja@fitjar.kommune.no eller tlf. 913 47 802.

Innkallinga er sendt til:

X-tilstades

| | |
|-------------------------|-------------------------------------|
| Svein Lunde | X Leiar |
| Anne Marie Røed | X Nestleiar |
| Tom Rydland | Medlem, meld forfall |
| Anne Kristin Skår | X Medlem |
| Håkon Rydland Sæbø | X Medlem |
| Mette Elisabeth Lambach | X Medlem |
| Bård Inge Bø | Medlem, meld forfall |
| Kari Raunholm | X Medlem |
| Olav J. Oma | X Sokneprest |
| Gisle Levåg | kommunal representant, meld forfall |
| Lillianne Drønen Jæger | 1. vara, meld forfall |
| Henrik Træet | X 2. vara |

Fitjar, 13.09.2024

Svein Lunde
soknerådsleiar

Harald Rydland
kyrkjeverje

Sakliste:

| SAK | ARKIVKODE | TITTEL | KOMMUNAL REPR. |
|------------|------------------|--|-----------------------|
| 2024/53 | 012.1 | Godkjenning av innkalling og sakliste | X |
| 2024/54 | 012.1 | Godkjenning av referat frå sist møte | X |
| 2024/55 | | Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkjelyden | X |
| 2024/56 | | Avsetjing til bundne fond | X |
| 2024/57 | | Budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 | X |
| 2024/58 | | Planlegging av strategisamling 24. oktober | X |
| 2024/59 | | Meldingar | X |
| 2024/60 | | Open post | X |
| | | Søknad om fritak frå rådsarbeidet, vi kjem tilbake til denne saka i eit seinare møte | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |

Vedlegg

1. Døme på delgeringsreglement frå Etne
2. Nytt brev frå kommunen om vassavgifta for 2023

Sak 2024/53 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent.

Sak 2024/54 012.1 Referat frå sist møte

Referat frå møte den 10.09.2024. vart godkjent 10.09.

Sak 2024/55 Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkjelyden

Vedtak:

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

Sak 2024/56 Avsetjing til bundne fond

Då soknerådet hadde oppe sak med godkjenning av rekneskapen for 2023, vart dette punktet teke med i vedtaket. «*Soknerådet ber om at kyrkjeverja legg fram eiga sak om etablering av bundne fond for å sikra at gåver til kyrkjelyden vert sett av og brukt til det føremålet som gåvene er meint å støtta*»

I soknet sin balanse er det av bundne fond til ulike føremål. Dette gjeld fond for kyrkjelydsprest, gravlegat, gravfestemidlar, orgel og K. Rydlands legat. Dei åra det har vore overskot på kyrkjerekneskapen, etter at midlar er sett av til dei nemnde fonda, har resten av overskotet vorte sett av på disposisjonsfond.

Me har no komme fram til at det er rett å etablere fleire bunde fond i soknet sin balanse. Gjennom året får me øyremerkte minnegåver, offer, tilskot og andre løyvingar til ulike føremål. Dersom me ikkje greier å bruka opp desse midlane til føremålet i løpet av året, og at dei dermed inngår i eit samla overskot for soknet, er det ikkje rett å plassere desse midlane i disposisjonsfondet. Disposisjonsfondet kan soknerådet i utgangspunktet bruka på kva som helst av kostnader i kyrkja. I respekt for dei som har gjeve øyremerkte gåver, må me syta for at pengane går til det dei er tenkt til.

På kyrkjekontoret har me gått gjennom rekneskapen for dei ulike avdelingane tre år tilbake. For ungdomsarbeid, trusopplæring og kyrkjeblad treng me ikkje setja av til bundne fond, fordi øyremerkte gåver er brukte til føremålet dei siste åra. For diakoniarbeidet er det derimot slik at frå 2021 og fram til 2023, har ikkje dei øyremerkte gåvene vorte brukte fullt ut. Status er at det i løpet av desse åra er kr. 53.683,- i offer, gåver og tilskot som framleis ikkje er brukt opp. Soknerådet bør no overføre denne summen frå disposisjonsfondet til bunde fond for diakoniarbeid.

Når rekneskapen til Fitjar sokn for 2024 er gjort opp bør, me og sjå om me kan splitta opp disponeringa av resultatet for dei avdelingane som kommunen skal finansiere, og det som gjeld soknerådet sitt kyrkjelydsarbeid. Sidan me er eittsoknskommune vert heile soknet sin økonomi ført i same rekneskapet.

I kommunar med fleire sokn er det eit skarpare skilje mellom det som fellesrådet tek seg av og det som dei einskilde sokna har ansvar for. Me har sett frå andre kommunar at det kan oppstå usemje

mellom kommunen og kyrkja om kva del av verksemda det som står på disposisjonsfondet kjem frå. Det er råd å etablera gode løysingar for å halda orden på dette, noko me bør få til her hos oss frå neste år av.

Vedtak:

1. Soknerådet viser til saksutgreiinga og vedtek at kr. 53.683,- vert overført frå disposisjonsfondet til bunde driftsfond for diakoniarbeid.
2. Soknerådet ber om at kyrkjevevja, i samband med årsoppgjeret for 2024, deler disposisjonsfondet slik av det kjem fram kor mykje av fondet som kjem frå kommunalt tilskot og inntekter frå anna kyrkjeleg verksemd.

Sak 2024/57 Budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028

Kyrkjevevja har no utarbeida framlegg til budsjett for 2025 og økonomiplan for 2025-2028. Når soknerådet har gjort vedtak om budsjettframlegget vert dette sendt til kommunen saman med søknad/budsjettbrev. Kommunedirektøren lagar framlegg til budsjett og økonomiplan for Fitjar kommune. Etter at budsjettet har vore lagt ut til offentleg ettersyn, skal det leggjast fram for endeleg politisk behandling i desember. I kommunedirektøren sitt budsjettframlegg skal det liggja inne tilskot til kyrkja, men kommunestyret kan gjera endring i løyvinga under den politiske handsaminga.

Når kommunestyret har vedteke det endelege budsjettet for 2025, må soknerådet over nyttår vedta detaljbudsjett på grunnlag av tilskotet som kommunestyret har løyvd.

Budsjettet og økonomiplanen legg opp til at drifta av kyrkja i hovudsak skal vera på same nivå dei neste fire åra som i dag. Det er løn til dei tilsette som utgjer storparten av kostnadane i budsjettet. Tabellen nedanfor viser aktive stillingar i kyrkja for åra 2022 – 2024 og kva me ynskjer å ha i 2025.

| Stilling | 2025 | 2024 | 2023 | 2022 | Merknad |
|---|-------------|-------------|-------------|-------------|--|
| Kyrkjevevje | 0,50 | 0,35 | 0,35 | 0,35 | |
| Kantor | 0,65 | 0,65 | 0,65 | 0,65 | |
| Kyrkjelydspedagog | 0,90 | 0,90 | 0,80 | 0,80 | |
| Kyrkjegardsarbeidar | 0,50 | 0,50 | 0,50 | 0,50 | |
| Vaktmeister/reinhaldar | 0,30 | 0,30 | 0,30 | 0,30 | |
| Kontomedarbeidar og administrativ ressurs for prestenesta | 0,40 | 0,40 | 0,40 | 0,40 | |
| Ungdomsarbeidar | 0,20 | | | | Ynskjeleg stilling for å m.a. koordinera frivillig arbeid med trusopplæring og ungdomsarbeid |
| Sum | 3,45 | 3,10 | 3,00 | 3,00 | |
| | | | | | |
| Klokkar på gudstenestene | | (0,20) | (0,20) | (0,20) | Frivillig arbeid |
| Kyrkjetenar på sundagar | | (0,10) | (0,10) | (0,10) | Frivillig arbeid |

Nedanfor er det kommentarar til nokre postar som rådet bør merka seg:

1. Møtegodtgjersle for soknerådet er budsjettert med **kr. 40.000** og uforandra.
2. Budsjettet er justert med kommunal deflator (prisvekst)som er sett til 3% og lønsvekst på 5,2%.
3. Pensjonskostnader er budsjetterte i tråd med prognose frå KLP.
4. Satsane for gravfeste og andre inntekter på gravplassen vart auka i 2022. Me legg ikkje opp til endringar i 2025.

| Teneste | Sats kr. |
|---|----------|
| Årleg festeavgift (fakturering for 10 år) | 250 |
| Feste av 1 grav i 10 år | 2500 |
| Feste - Reservering av grav | 4000 |
| Gravlegging av utanbygds buande | 8000 |
| Seremoni utanbygds person | 4000 |
| Seremoni ikkje medlem | 4000 |
| Gravlegging utanbygds, urne | 4000 |
| Reservering av grav | 4000 |
| Gravstell på Fitjar kyrkjegard | 1300 |
| Mosekrans på grav | 400 |
| Vårplanting på grav | 500 |
| Sommarplanting på grav | 400 |
| Konfirmant eigenbetaling vårsemester | 1000 |
| Konfirmant eigenbetaling haustsemester | 1000 |
| Annonse i Fitjar kyrkjeblad | 1500 |

5. Tilskotet til trusopplæring, som me får overført frå bispedømet, er på om lag 370.000,-. Dette skal dekkja både løn og andre utgifter ved trusopplæringa. For å få fullfinansiert trusopplæringa er det lagt opp til at kr. 200.000 av det kommunale tilskotet til klokkar og kyrkjetenar vert overført til trusopplæring. Vidare er det lagt inn ei forventning om offer og gåver til dette arbeidet. Den siste delen av kyrkjelydspedagogstillinga vert dekkja av kyrkjelydsprestfondet (jfr vedtak i soknerådet – sak 2023/42).
6. For året 2024 hadde soknerådet som mål å få på plass ei deltidsstilling som diakoniarbeidar. Det har ikkje lukkast å få søkerar til stillinga, noko som gjer at rådet må sjå om det er andre område av arbeidet som kan styrkast. Me som er i kyrkjestaben ser at ungdomsarbeidet i kyrkjelyden gjerne bør prioriterast med meir ressursar. Ein tanke som har vore lufta, er å tilsetja ein ungdom i deltidsstilling som kan hjelpa til med å koordinera frivillig arbeid og elles delta aktivt i barne og ungdomsarbeidet. Eit engasjement som går frå august – juni ville passa greitt i forhold til utdanning og liknande.

Fleire detaljar om driftsbudsjettet, investeringsbudsjett vert ettersendt eller lagt fram i møte.

Vedtak:

Framlegg om ungdomsarbeidar vert ikkje vidareført.

Kyrkjeverja sender budsjettframlegget og søknad om tilskot vidare til kommunen med dei presiseringane som kom fram i møte:

- a. Diakonimedarbeidar 0,2 stilling, 100.000
2. Soknerådet ber om at leiaren får til eit møte med politisk leiing i kommunen etter at kommunedirektøren har lagt fram sitt framlegg til budsjett.

Sak 2024/58 Planlegging av strategisamling 24. oktober

I soknerådet sin møteplan for hausten vart det sett opp ei strategisamling den 17. oktober, men denne vert no flytta til 24. oktober kl. 15.00 eller 15.30. Det er tenkt at soknerådet, tilsette og leiarar for dei ulike nemndene i kyrkja skal delta på samlinga. Når det gjeld program vil me starta med ei god matøkt. Deretter vil fagdirektør Øystein Dahle frå KA ha eit digitalt føredrag om korleis me, med våre ulike rollar, skal kunna vera saman om oppdraget. Så langt er det ikkje fastsett fleire programpostar, men soknerådet har nok gode innspel å komma med her.

Vedtak:

Vi prøver å bruka amfi VGS, evt kommunestyresalen. - Anne Kristin spør om lokalet og om mat.

Nemndsleiarar og stab blir kalla inn til å delta på dette møtet.

Rammer:

15.30 mat

16.30 Øystein Dahle kjem på skjermen. Vi ber om at han ser på vårt strategidokument.

17.30 drøfting

18.30 Vi må og sjå på programmet «Kirka vår». Dataprogram som kyrkja har laga for å bygga strategi lokalt.

19.30 slutt

Sak 2024/59 Meldingar

Under meldingar vil det verta lagt fram informasjon om m.a. desse sakene:

- a) Delegasjonsreglement for Fitjar sokn (Kyrkjeverja)
- b) Nytt brev frå kommunen om vassavgifta for 2023 (Kyrkjeverja)
- c) Status for gravplassprosjektet (Kyrkjeverja)
- d) Unge vaksne gruppa i Sagvågen, noko å ta vidare? (soknerådsleiar)
- e) Prostegåva (soknerådsleiar)

Vedtak:

Soknerådet tek meldingane til vitande

Sak 2024/60 Open post

Harald orienterar om at det blir ordensreglar for kyrkja, slik at det blir rydda etter arrangement, etc.

Det vil og bli ein dugnad, f.eks ein laurdag, evt. ein kveld, med skikkelig reingjering av kyrkja.

Staben tek ein planleggingsdag i morgon 20. september.

Medarbeidarsamtalar er gjennomført.

Lønsoppgjeret seier 5,2% justering slik det har vore i år.

Ingen vedtak:

Møtet ferdig 21.15

Skrivar

Olav J. Oma